

# Selja Kloster

Ei langsiktig og berekraftig løysing for utvikling av Heilagøya Selja

Hovudprosjekt - Sluttrapport 2 Juni 2020



# Innhald

1. Bakgrunn, formål og sentrale omsyn	3
2. Oppgåver for å ivareta, samarbeide og gjere kulturminne og heilagmål tilgjengeleg	9
3. Roller, ansvar og framtidig organisering	12
4. Kommersiell aktivitet rundt klosteret	17
5. Tilrådingar	20





Bakgrunn, føremål og sentrale omsyn for utvikling av klosteret





# Hovudmålet med prosjektet har vore å etablere ei langsiktig og berekraftig løysing for bevaring og utvikling av Selja kloster

## Føremål

I perioden hausten 2018 til våren 2019 vart det gjennomført eit forprosjekt for Selja Kloster\*. I forprosjektet vart det vedteke at ein skulle jobbe vidare med følgjande hovudaktivitetar (noko justert i løpet av prosjektperioden):

1. Skildre oppgåver knytt til drift av anlegget, infrastrukturutvikling og vilkår for kommersiell utvikling
2. Skissere moglege organisasjonsmodell for utvikling av Selja kloster
3. Utvikle opplevingar rundt kulturminne og heilagmål Selja Kloster
4. Konkretisere moglegheiter for etablering av eit nasjonalt pilegrimssenter i Selje
5. Forankre klostersatsing i lokalsamfunnet og skape ein tydeleg identitet rundt Selja Kloster

Hovudprosjektet har blitt gjennomført frå våren 2019 og fram til dags dato, og har hatt ei styringsgruppe sett saman av representantar frå fylkeskommunen, Stad kommune, næringslivet og representant frå bispedøme (sjå vedlegg 1).

Prosjektet ble bestilt av Sogn og Fjordane fylkeskommune som også har vore prosjekteigar. Styringsgruppa har vore leia av Jan Heggheim som er fagdirektør i avdeling for innovasjon og næringsutvikling. PwC har vore innleigd som ekstern prosjektleiar.

\* *Eigen rapport ligg føre frå forprosjektet*



*Frå ei av synfaringane i prosjektet*

# Prosjektet skildarar også ansvar, organisering og vidare arbeid og avklaringar



## Status og tilrådingar hovudprosjekt

Basert på arbeid i prosjektet har styringsgruppa jobba fram forslag til mandat for offentlege oppgåver rundt framtidig drift av Selja kloster med eigar- og driftsmodell som presentert i dette dokumentet. Modellen baserer seg m.a. på utviklingsretning skissert av Blåmyra i bakgrunnsdokumentet for kunnskapssenteret (“Kjelda”) utarbeidd på oppdrag frå Stad kommune i 2019.

Tilrådinga er at Stad kommune saman med Vestland fylkeskommune vert den drivande parten i samarbeidet som skal ivareta, samarbeide og tilgjengeleggjere kulturminne med mål om at dette skal bli eit internasjonalt ikon for sine målgrupper.

I det vidare arbeidet vert det viktig å presentere og forankre sluttrapporen i administrative og politiske organ i kommunen og fylkeskommunen, for å få vedtatt avtaler som sikrar gjennomføring av eigar- og driftsmodellen.

Vidare vil det vere viktig at fylkeskommunen og kommunen i fellesskap etablerer samarbeidsavtaler med nøkkelpartnerar som kyrkja, Riksantikvaren og grunneigar OVF om oppgåver som naturleg bør liggje hos desse aktørane. Kunnskapssenteret vil ha ei viktig rolle knytt til å formidle historia rundt klosteret.

Oppfølging og slutføring av forvaltningsplan vert av stor betydning for råmevilkåra for tilrettelegging og bruk av Selja.

Det vil også vere viktig å få på plass ei avtale med aktør som kan følge opp transport frå sentrum i Selje til Selja kloster for å tilgjengeleggjere besøksmålet. Ei mogeleg tilnærming til ei slik avtale er nærmare skildra i dette dokumentet i form av ei ordning med tenestekonsesjon.



# Bevaring og utvikling med respekt for Selja sin heilage og historiske posisjon


Utvikling av Selja som kulturminne, heilagstad og reisemål må ta omsyn til øya sin sentrale, heilage, kulturhistoriske og samfunnshistoriske posisjon for svært mange – både institusjonar og personar. Den som besøker Selja skal ikkje berre betrakte/sjå på minner frå fortida, men også få oppleve ei levande heilagøy, eit aktuelt og attraktivt pilegrimsmål for både tilreisande og lokalbefolkninga.

Tre hovudtema vil vere spesielt viktige:

**Sankta Sunniva:** Legenda om den gudfryktige kongsdottera som stranda på øya, og som vart landets første helgen. Historia har koplingar til dagsaktuelle tema som mot, toleranse, likestilling og religionsfridom.

**Selja Kloster:** Etablert rundt år 1090 som eitt av dei første klostera i landet. I stordomstida praktfult utsmykka, med søylegangar og praktfulle uthoggingar, men nedlagt og plyndra under reformasjonen.

**Den heilage øya:** Eit av landets første bispedøme, etablert i år 1068 og sentrum for religionsskiftet på vestlandet og i Noreg. Eit knutepunkt i nasjonal og internasjonal skipstrafikk, med besøk av pilegrimar, kongar, biskopar, prestar, munkar, fiskarar og handelsmenn. Selja er eit levande og høgt elska pilegrimsmål også i dag.



# Identitet og formidling med utgangspunkt i Selja sin egenart (kunnskapssenteret)

Designstudioet Blåmyra utførte på bestilling frå Stad kommune eit prosjekt der formålet var å konkretisere utviklingsretning for Selja i samband med etablering av eit kunnskapssenter.

I eit separat dokument har dei skildra identiteten til Selja og skapt ei konseptskisse for utvikling av kulturminnet gjennom kunnskapssenteret Kjelda og pilgrimstunet i Selje.

*Ei øy er eit hjarte, seier nokre.  
Ei øy er einsam, seier andre.  
Selja er ikkje einsam. Ho har  
systerer spreidde rundt om i verda.*



KONSEPTSKISSE:  
Kunnskapssenter og pilgrimstun  
ved den heilage øya Selja

KUNNSKAPSSENTER OG PILGRIMSTUN



### Selja pilgrimstun

Heilt sidan Sankta Sunniva i følge legenda vart funne på Selja i år 996 har pilgrimar frå inn- og utland valfarta til den heilage øya.



For å ta i vare pilgrimstradisjonen ved landets eldste pilegrimsstol og også forventningane som er knytte opp mot dette, er det nødvendig å store grad enn i dag legge til rette for gode opplevingar på og ved Selja. Målet er derfor å etablere Selja pilgrimstun, eit informasjons- og besøkssenter for pilgrimar som planlegg eller er på reise. For tida vert det undersøkt om det som det er mogleg å nytte delar av Selje prestegard til dette.

KORSIKTIG OG LANGSIKTIG PLAN Selja pilgrimstun skal verte ein levande matestad for pilgrimar. Her kan du få storpåsele, mat og drikke, møte andre pilgrimar og få tilgang til internett, sanitærtoalett og rimeleg overnatting i dormitoriet. Du vil bli ønskt velkommen av erfarne vandraar med kunnskap om regionen og pilgrimsrutene i Noreg, og som gjerne deler tips og råd.



### Kjelda – kunnskapssenter for den heilage øya Selja

Kjelda skal vere eit moderne kunnskapssenter som gjennom engasjerande formidling i vakker arkitektur vekker interesse for historia om den heilage øya Selja.

Visjonen er klar: Vi skal sikre ei heilskapleg og sterk oppleving kring den unike kulturhistoriske skatten Selja. Innhaldet i Kjelda skal vere tilrettelagt både for born og vaksne, og ein skal kunne få informasjon på ulike nivå. Dette inneber at det både skal vere mogleg å få ei lettforstått forklaring av historia og å faglig fordjupe seg. Senteret tek sikte på å samarbeide tett med planlagde Selja pilgrimstun, og vil elles vere ein sentral stadi for å tematiske bygge vidare på historia som Sagastad formidlar om vikingtida.

I senteret vert det også planlagt ei eiga vitenskapsdeling som tek utgangspunkt i samtidaktuelle tema frå legenda.

PLASSERING Noko av det mest særregne med Selja kloster og helgenanlegg er den unike plasseringa. Ikkje berre er det uvanleg at eit kloster og eit helgenanlegg ligg så tett, det ligg også på den mest værharde sida av øya – urørt, isolert frå det moderne samfunnet og berre ein 15 minuts båtuttur unna. Anlegget er frå førreformatorisk tid, og er derfor, i likskap med store delar av øya elles, automatisk freda. Det er urørt av moderne innretningar, og slik må det også halde fram å vere.

For å sikre berekraftig bruk, og i respekt for staden, historia og besøkande, skal Kjeldas kunnskapssenter ikkje byggjast på øya, men vere eit nytt bygg på fastlandet i Selje. Målet er å tilby ei heilskapleg og lett tilgjengeleg oppleving for dei besøkjande. Det er derfor ønskeleg at bygget ligg i gangavstand både til Selja pilgrimstun og til kaien der Klosterbåten går.






# Forvaltningsplan må på plass snarast og gi føreseielege rådevilkår for kulturminnet og utvikling av kommersiell aktivitet

Vestland fylkeskommune er i ein tidleg fase av arbeid med forvaltningsplan for øya. Dette er planen som skal danne grunnlaget for kortsiktig og langsiktig forvaltning, og definere vilkår for bruk og tolegrense. Planen skal også danne grunnlag for samarbeid mellom aktørar og framtidige søknadar om tilskot til bevaring, konservering og skjøtsel.

Med dette vert planen det viktigaste styringsdokumentet for framtidig arbeid. Illustrasjonen til høgre gir oversikt over Selja med viktige attraksjonar og ferdselsårar, som bør vere omhandla i planen.

I prosjektet er det innhenta erfaringar frå arbeid med samanliknbare besøksmål (vedlegg 2 og 8), tenestekonsesjon (vedlegg 3), fellesgodefinansiering (vedlegg 4) og besøksforvaltning (vedlegg 5). I arbeid med forvaltningsplan vil det vere relevant å hente informasjon og inspirasjon frå desse dokumenta, samt frå “Kjelda”, eksempelvis:

- Kva skal vere retningslinjer og rammevilkår for kommersiell drift?
- Kva servicefunksjonar skal det vere på øya?
- Kva skal offentlege aktørar ha ansvaret for, og kva skal skje i regi av kommersielle aktørar?
- Kan ein ta i bruk løysingar for fellesgodefinansiering, m.a. til å finansiere infrastruktur?
- Korleis løyse besøksforvaltarrolla. og kva verdisett skal kjenneteikne besøksmålet?
- Korleis leggje til rette for gudstenester og liturgiar for pilegrimar og andre besøkande?



1. Kai på Bø, passasjerar på Klosterbåten kan gå av på Bø og vandre til Selja Kloster
2. Olavssteinen er er til minne om kongane som har vitja Selja oppgjennom tidene. Reist i 2018
3. Kyrkjegarden Bø på Selja
4. Stien frå Bø til Klosteranlegget er den opphavlege adkomstvegen til mogleg hamn på Selja og deretter Selja Kloster
5. Ruinar kring stien markerar “inngangen” til Kloster og Helgenanlegget. Mogleg funksjon som “kontrollpost”
6. Selja Kloster og Helgenanlegg blei påbegynt rundt år 1100 og var eit av dei første som vart bygd i Noreg
7. Naust / Servicebygget er eigd av kommunen og er til for dei besøkjande på Selja
8. Kommunalt kaianlegg i tilknytning til klosteret

Stiar som fører til klosteret er merka med raudt på kartet



“

Oppgaver for å ivareta,  
samarbeide og gjere  
kulturminne og heilagmål  
tilgjengeleg



# Oppgåvene må vere tydeleg fordelt mellom private og offentlege aktørar i framtidig organisasjonsmodell

I prosjektet er det identifisert ei rekkje oppgåver som må følgjast opp for å ivareta, samarbeide og tilgjengeleggjere kulturminne for besøkjande. Ved organisering og vurdering av ressursbehov, er det viktig å sørge for at ein har menneskelege og økonomiske ressursar til å løyse desse oppgåvene. Oppstillinga under viser oppgåver systematisert ut frå kven som naturleg kan løyse desse.

## Oppgåver styrt av offentlig samarbeidsorgan (kommune/fylkeskommune)

### Konservering (ruinar)

- Større ruinprosjekt
- Langsiktig planlegging / utvikling

### Skjøtsel (kulturlandskap)

- Oppretthalde
- Vedlikehalde

### Tilsyn og Vedlikehald

- Klosteranlegget
- Kaianlegg
- Stiar

### Regionalt Pilegrimssenter i Selje

- Vertskap
- Besøksforvaltning

### Besøksforvaltning

- Samordningsorgan
- Rammevilkår for besøk
- Heilskapleg visuell identitet
- Fellesgoder

### Næringsutvikling

- Utviklingsprosjekt
- Infrastruktur for næringsliv

## Oppgåver koordinert av offentlig samarbeidsorgan i samarbeid med næringsliv og lokalsamfunn, f.eks. ved bruk av tenestekonsesjon

### Drift av infrastruktur

- Reinhold
- Renovasjon
- Toalettfasilitetar
- Fiber / mobildekning

### Finansiering fellesgode / formidling og forskning

- Opplæring guidar
- Vedlikehald sti
- Annan formidling
- Forsking

### Destinasjonsmarknadsføring

- Workshopar / messer
- Presse og visningsturar
- Klosterbesøk i rundtur med andre opplevingar
- Nettsider / SoMe og booking

### Formidling

- Utdanning av guidar
- Guiding
- Undervisning
- Utstillingar
- Skilting

### Sikkerheit

- Transport
- Tilsyn av kulturminne

## Oppgåver styrt og koordinert av private aktørar

### Transport til Selja

- Turistrute
- Bygderute

### Sal

- Billetter
- Servicefunksjonar
- Opplevingar

### Marknadsføring

- Merkevarerbygging og marknadsføring av opplevingar rundt klosteret



# Det vil vere behov for å utvikle opplevingane rundt klosteret - forvaltningsplan og tenestekonsesjon bør sette retning for utviklinga

***Klosterbåten er sentral i utvikling av opplevingane. Med ei anskaffing i form av ein tenestekonsesjon kan ein styrke tilbodet og gjere Selja meir tilgjengeleg for besøkjande***

Ved auke i tal på gjester, aukar behovet for hyppige båtruter, tilrettelegging for servicefunksjonar, toalettfasilitetar og tilgjengeleggjering av besøksmålet.

For å utvikle båttilbodet til å bli ei oppleving i seg sjølv, kan ein eksempelvis anskaffe båtruta som ein tenestekonsesjon, og f.eks. inkludere guiding, serveringstilbod og servicetenester i anskaffinga (sjå eksempel frå Trondheim kommune i vedlegg 2 og 3).

Forvaltningsplanen bør omtale kva stadar som eventuelt kan nyttast til formål som kaianlegg, ferdsel, serveringsstadar og toalettfasilitetar.

Utviklingsretninga som skildra i kapittel 1 bør vere sentrale føresetnadar for både forvaltningsplan og anskaffing av båtrute.

***Det må opp eit årshjul for opplevingar rundt klosteret som kulturminne, heilagmål og reisemål i samarbeid mellom aktørar som har kunnskap og forståing for kulturminnet sin eigenart***

Seljumannamesse er eit stort årleg arrangement på Selja. I tillegg er det jamleg ulike arrangement og gudstjenester på øya, samt at det er potensial for å skape meir aktivitet.

Ein kan få på plass eit samarbeid med kyrkja og andre kulturaktørar i regionen, til dømes Opera Nordfjord om musikkarrangement innanfor det verdisettet som bør kjenneteikne kulturminnet. Bjørgvin Bispedøme framhever betydninga av at Selja er eit levande museum og eit aktivt heilagmål.

Dette kan for eksempel organiserast i form av ein arrangementskalender for øya utvikla av organet som forvaltar reisemålet og deira samarbeidspartar.

Dette bør truleg skje i offentleg regi for å kunne ivareta den utviklingsretninga som er skissert, og styrt av vedtektene i forvaltningsplanen.

***Betre informasjon til gjester og styring av turiststraumar for å unngå for stor belastning på sjølve kulturminne som metode for bevaring***

På øya kan ein ved tydelege ferdselsårar, skilting og informasjon sikre god flyt av gjester, minimere slitasje på kulturminnet og landskapet og førebyggje trengsel. Form og innretning på dette bør vere omhandla i forvaltningsplanen.

Dersom guiding/formidling vert ein del av det kommersielle tilbodet, vil det vere viktig å stille krav til innhald i desse tenestene, jfr. utviklingsretninga som er skissert i "Kjelda".

“

Organiseringa rundt Selja  
Kloster skal bidra til å ivareta,  
samarbeide og  
tilgjengeleggjere kulturminne  
slik at dette vert ein  
attraksjon for målgruppene





# Målet er å etablere eit samarbeidsorgan som får ansvar for å gjennomføre og koordinere oppgåvene som skildra

I prosjektet er det identifisert ei rekkje aktørar med oppgåver og interesser rundt klosteret, samt kva utfordringar dei erfarer. Ei oppsummering av denne kartlegginga er vist i vedlegg 6. Oversikta under gir ei oversikt over tiltenkte oppgåver til samarbeidsorganet som ein foreslår etablert for å bevare og utvikle klosterøya, og dei sentrale samarbeidspartane i framtidig organisering.

## “Selja Kloster Samarbeidsorgan”

Hovudføremål: Ivareta, tilgjengeleggjere og skape gode råmer for samarbeid mellom private og offentlege aktørar knytt til heilagmålet Selja, m.a.

- Formidle kulturminnet Selja Kloster ved å skape innhald og opplevingar knytt til kloster- og helgenanlegget
- Leggje til rette for nærings- og samfunnsutvikling og vere ein samordnande instans for næringslivet
- Utvikle identitet og formidle historia til besøksmålet
- Gjennomføre konkrete utviklingsprosjekt på “bestilling”
- Samarbeidspart for private verksemder, m.a. oppdragsgjevar for tenestekonsesjon (båt og servicefunksjonar)
- Kulturminne og heilagmål

Rolle

### OVF

Eigar av helgen- og klosteranlegg, samt andre deler av Selja.

Samarbeidspartnar og premissgjevar for kva slags aktivitet som er ynskjeleg i Kloster- og helgenanlegget.

Planar og framtidig strategi for utvikling må forankrast hos OVF

### Vestland fylke

Øvste forvaltningsansvar for kulturminne

Medansvarleg for bevaring, drift og finansiering basert på samarbeidsavtale

Rolla til Riksantikvaren må tydeleggjeres

### Stad kommune

Leiar samarbeidsorganet som styrer utviklinga av Selja, og set rammer for samarbeid, bevaring og tilgjengeleggjering av besøksmålet

### Bjergvin Bispedøme

Representerer trussamfunn med interesser på Selja.

Samarbeidspartnar når det gjeld formidling og innhald kring besøksmålet

### Turistruta Selje - Selja

Transport av gjester til Selja (basert på avtale om tenestekonsesjon).

Eksemel på oppgåver som kan inngå:

- Transport
- Guiding
- Servicefunksjonar
- Drift og vedlikehald (kai, andre føremål?)

# Stad kommune får eit hovudansvar for samarbeidsorganet, men samarbeidsavtaler må forplikte andre miljø

## Selja Kloster "samarbeidsorgan"

### Hovudaktørar:

- Stad kommune (SK)

### Medansvarlege:

- Vestland fylkeskommune
- Opplysningsvesenets Fond (OVF)
- Bjørgvin bispedøme
- Riksantikvaren (RA)

### Føremål:

- Ivareta, samarbeide og formidle kulturminne og heilagmålet.
- Leggje til rette for nærings- og samfunnsutvikling.
- Særskilte stadsutviklingsprosjekt på "bestilling"
- Samarbeidspart for private verksemder (m.a. oppdragsgjevar til tenestekonsesjon)

### Personellbehov:

Samfunnskontakt og koordineringsledd til lokalsamfunn og lokalt næringsliv.  
Styre/styringsgruppe med aktører som representerer dei ulike interessene.  
Prosjektbasert støtte basert på behov som oppstår undervegs.

### Føresetnader:

- Kompetansebasert utvikling
- Forpliktande samarbeid, langsiktige avtaler og finansiering
- Omforeint forvaltningsplan
- Organisasjonsform og finansiering må avklarast
- Ressursråd med deltaking får samarbeidspartar

## Regionalt Pilegrimssenter

- Utvikle og drifte pilegrimssenter (basert på prosjekt Pilegrimsleia).
- Vertskap
- Besøksforvaltning

## Båtselskap

- Dagleg drift av turistruta til Selja
- Tilleggsoppgåver definert i tenestekonsesjon

## Visit Nordfjord

- Marknadsføring og sal av destinasjonen, og med dette auke besøk til klosteret

## Kunnskapssenter

- Utfylle regionalt pilegrimssenter og formidle kunnskap om lokal historie og kultur, m.a. Klosteret
- Felles drift med kloster?

## Andre kommersielle aktørar:

- Utvikle kloster- opplevingar basert på "destinasjonskrava"



# Formell organisering rundt klosteret må på plass, organisasjonsmodell må avklarast

**Organisasjonsmodell må sjåast i samanheng med føremålet med samarbeidet, kva aktørane skal samarbeide om og kven som skal vere partar i samarbeidet**

## Føresetnader for val av organisasjonsmodell:

- Organiseringa må samle offentlege miljø som jobbar for å bevare og klosteret og verdsettet rundt dette
- Dei offentlege aktørane må skape arenaen for gode samarbeidsløysingar med miljø som jobbar for å utvikle opplevingar rundt klosteret, både private og offentlege
- Stad kommune skal vere den drivande parten i eit felles og forpliktande samarbeidsforum
- Forpliktande avtaler må på plass mellom dei ulike aktørane
- Ein bør vurdere å etablere eit ressursråd frå privat næringsliv som høyringsinstans i viktige tema rundt klosteret

Etter kommunelova § 17-1 skal eit interkommunalt samarbeid foregå gjennom “[...] et interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, ei foreining eller på ein annan måte som det er rettsleg adgang til.”

## Vi har på eit overordna nivå sett nærmare på følgjande organisasjonsmodellar for å følgje opp oppgaver knytt til forvaltnings- og vertskapsoppgaver rundt Selja kloster (sjå vedlegg 7):

1. Interkommunalt politisk råd etter kommuneloven kapittel 18
2. Kommunalt oppgåvefelleskap etter kommuneloven kapittel 19
3. Vertskommunesamarbeid etter kommuneloven kapittel 20
4. Interkommunalt selskap (IKS)
5. Aksjeselskap
6. Uformell organisering (etter same form som Gulating er organisert i dag, sjå vedlegg 8)

Selskapsforma “stifting” er av styringsgruppa vurdert som uaktuell, og er difor ikkje vurdert nærmare.

## Konklusjon:

- Det er berre kommunar eller berre fylkeskommunar som kan delta i eit vertskommunesamarbeid etter kommuneloven kapittel 20. Det er såleis ikkje høve for fylkeskommunar til å vere med i eit vertskommunesamarbeid med ein kommune eller omvendt
- Sett hen til at dette ikkje er eit kommersielt samarbeid, og at det truleg er ein fordel med offentlig eigarskap vil selskapsforma aksjeselskap vere mindre aktuell.
- Ein står da igjen med dei interkommunale samarbeidsmodellene, interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap, samt selskapsforma interkommunalt selskap (IKS). Desse tre samarbeidsmodellane har mange likskapar, og då særleg kommunalt oppgåvefelleskap og interkommunalt selskap (IKS).

# Forslag til framtidig organisering

## Representantskap

Politisk - VFK og Stad kommune

Avhengig av om ein vel formell eller uformell organisering

## Styret

Overordna fagleg og operativt forum

(OVF, Kyrkja, fylkeskommune, kommune, representant frå lokalt ressursråd og lokalt sokneråd)

## Stad kommune

Ved kommunalområde kultur og samfunn

## Stad kommune

Ved eininga lokal samfunnsutvikling  
(ansvar:kulturarv/næring/reiseliv/bulyst/friluftsliv)



### **Overordna og fagleg operativt forum (styret)**

- Samarbeidsorgan sett saman av representantar frå dei sentrale samarbeidspartane som Stad kommune, næringsavdelinga i kommunen, fylkeskommunen si kulturavdeling, kyrkja, riksantikvaren og representant frå lokalt ressursråd (utpeika av lokalt næringsliv/innbyggjarar) og lokalt sokneråd
- Forventa årleg ressursbruk: 4-6 møter per år

### **Kommunalt oppgåvefelleskap – drift i Stad**

Basert på tilbakemelding frå administrasjonen i Stad kommune er målet å etablere eit team med kompetanse innanfor:

- Administrasjon og organisasjon (dagleg leiar med koordineringsansvar m.a. overfor styret i 50 % stilling)
- Dagleg informasjon og kommunikasjon (gjennom eksisterande Selja pilegrimsstove og vedlikehald av nettstad)
- Idrett og friluftsliv
- Kommunalteknikk: infrastruktur inkl skjøtsel



# Estimert finansieringsbehov

<i>Årleg kostnad</i>	<i>Driftskostnader eks. mva.</i>
Driftspersonell 2 årsverk inkludert tilhørende kostnader	2 000 000
Infrastruktur	200 000
Vedlikehold av fasilitetar	500 000
Skjøtsel av kulturlandskapet	300 000
Klosterbåt/materiell/guide etc.	1 000 000
<b>Årleg finansieringsbehov inkludert to årsverk i Stad kommune</b>	<b>4 000 000</b>



## *Sentrale prosjekt/oppgåver med finansieringsbehov 2020-2021*

- Ferdigstille verdi- og profil for Selja
- Støtte til å utarbeide ein heilskapleg driftsmodell (og eit årshjul for aktivitet)
- Utarbeide konkurransegrunnlag båtrute og tilhørende tenester
- Utarbeide forvaltningsplan for øya (fylkeskommunal eller kommunal regi?)

I tillegg til driftskostnader vil dere vere naturleg å søkje midlar til utviklingsprosjekt- og restaurering knytt til Selja Kloster og andre kulturminne på heilagøya Selja



## Kommersiell aktivitet rundt klosteropplevingane





# Kommersiell båtrute til klosterøya kan kombinerast med andre opplevingar i form av tenestekonsesjon

Selja Sjø AS kjøpte Vestkapp Båtservice AS i 2019, og har avtale med Selje kommune (nå Stad kommune) om drift av turistrute, skuleskyss og bygderute til Bø med utløp i september 2021.

Selskapet er deleigd av Fjordguiding AS, som er ein etablert aktør innan reiselivet på nordvestlandet. Kundane er primært individuelle turister og grupper. Selskapet skal frå 2020 drifte billettkontoret for cruisepassasjerer på Nordfjordeid. Selja Sjø ønskjer kombinere transporten til øya med guidetenester, og med dette bli ein meir komplett reiselivsaktør.

Det må gjennomførast ny anbudsprosess i god tid før utløp av avtalen. I anbudsprosessen kan kommunen vurdere å inkludere eit breiare spekter av tenester rundt reisemålet, for eksempel informasjons- og formidlingstenester. Her kan som tidlegare omtala, tenestekonsesjon vere ei mogleg oppdragsform.



Varighet	Ta med	Guiding	Alder
Båttur 15 minutt kvar veg. Ca. 2 timar totalt	Kle deg etter været. Hugs kamera.	Våre guidar fortel den spennande historia om Selja Kloster og St.Sunniva	Tur som passar for heile familien også personar med nedsett bevegelse

# Ei viktig oppgåve for det offentlege samarbeidsorganet er å samarbeide med lokalt og regionalt næringsliv om å utvikle besøksmålet med ein tydeleg, felles og verdibasert identitet

Eksempel på samarbeidspartar innan privat næringsliv:

- Doktorgarden tilbyr overnatting og servering
- Stad Hotell er eit nyleg utvida hotell på Leikanger med ei stor konferansesal
- Port of Nordfjordeid er cruisekaia i Eid som blei opna i 2019
- Nytt hotell i Selje er under planlegging på gamle hotelltomta på Seljesanden, i kombinasjon med kunnskapssenter og andre fasilitetar
- Nordfjord Hotell i Eid har mange besøkjande turistar og grupper boande på hotellet
- Transport av gjester frå Måløy til Selja er ei moglegheit i høgsesong, her kan Thon Hotel Måløy vere ein viktig samarbeidspartnar
- Sagastad er eit opplevingsssenter i Eid med ei kopi av Myklebustskipet med mange besøkjande turistar, spesielt i høgsesong
- Opera Nordfjord kan vere mogelege samarbeidspartnar innan kulturarrangement
- Norway AdvenTURes tilbyr produktpakkar for heile Nordfjord

Det er samstundes viktig å utvikle samarbeid nordover og sørover.

Eksempel på informasjon/historie som det kan vere aktuelt å samarbeide om kan vere formidling rundt Sankt Sunniva, Selja kloster, den heilage øya, kyrkje- og pilegrimshistorie.

Her kan ein eksempelvis sjå føre seg etablering av eit ressursråd med representantar frå næringslivet som har jamleg dialog med det offentlege samarbeidsorganet for å sikre at besøksmålet vert utvikla basert på verdisettet som skildra i "Kjelda".







# Tilrådingar






# Tilrådingar for vidare arbeid med å utvikle Selja

- **Presentere planar for framtidig utvikling av besøksmålet Selja Kloster til grunneigar OVF**
- **Formalisere samarbeid mellom kommune og fylkeskommune i form av etablering av samarbeidsorgan. Få på plass bindande og langsiktige avtaler med m.a. Kyrkja, Riksantikvaren og OVF**
- **Utarbeide saksframlegg/søknad om midlar som skildra i kapittel om organisering til kommunale og fylkeskommunale politiske organ**
- **Sørg for etablering av offentleg ressursteam og lokalt ressursråd. Starte arbeid med årshjul/aktivitetskalender med skildring av aktivitetar og ansvar. Viktige partnerar i dette arbeidet vil vere kyrkja og lokalt næringsliv.**
- **Sørg for nødvendig forankring av planane i samarbeidskonsortiumet og i det lokale ressursrådet**
- **Definer verdisetet som skal kjenneteikne besøksmålet med utgangspunkt i “Kjelda”, og utarbeid informasjonsmateriell som formidlar reisemålet**
- **Driv prosess med etablering av forvaltningsplan framover gjennom dialog med administrativ gruppe som følgjer opp dette arbeidet i fylkeskommunen. Fastslå tolegrense.**
- **Gjennomfør anbudsprosess for båtrute. Vurder å gjennomføre dette som tenestekonsesjon (avhengig av kva oppgåver som skal ligge til det offentlege organet, og kva som skal løysast i privat regi)**
- **Sørg for at lokalt lokale interessentar får god informasjon om planane rundt klosterøya.**

# Framdriftsplan



\*Stad og Vestland

# Disclaimer

Denne rapport er utarbeidet for Vestland fylkeskommune sitt interne bruk i forbindelse med oppdrag om utvikling av Selja Kloster som reisemål, i samsvar med tildeling av oppdrag.

Informasjonen i dokumentet bygger på faktainformasjon som har fremkommet i intervjuer med forskjellig ressurspersoner som PwC har vært i kontakt med og i dokumentasjon som Vestland fylkeskommune og Stad Kommune har gjort tilgjengelig for oss. PricewaterhouseCoopers (PwC) har ikke foretatt noen selvstendig verifisering av informasjonen som har fremkommet, og vi inntår ikke for at den er fullstendig, korrekt og presis. PwC har ikke utført noen form for revisjon eller kontrollhandlinger av Vestland Fylkeskommune`s virksomhet.

Rapporten inneholder materiale som er konfidensiell for Vestland fylkeskommune og PwC.

Vestland fylkeskommune har rett til å benytte informasjonen i denne rapporten i sin virksomhet, i samsvar med forretningsvilkårene som er vedlagt vårt engasjementsbrev. Rapporten og/eller informasjon fra rapporten skal ikke benyttes for andre formål eller distribueres til andre uten skriftlig samtykke fra PwC. PwC påtar seg ikke noe ansvar for tap som er lidt av Vestland fylkeskommune eller andre som følge av at vår rapport eller utkast til rapport er distribuert, gjengitt eller på annen måte benyttet i strid med disse bestemmelsene eller engasjementsbrevet.

PwC beholder opphavsrett og alle andre immaterielle rettigheter til rapporten samt ideer, konsepter, modeller, informasjon og know-how som er utviklet i forbindelse med vårt arbeid.

Enhver handling som gjennomføres på bakgrunn av vår rapport foretas på eget ansvar.